

Høyringsfråsegn vedr. søknad frå Kinn kommune om løyve til regulering og uttak av vatn frå Keipevatnet.

Som grunneigar og fastbuande i Klauvene som ligg rett nedanfor og sør for Keipevatnet synes eg det er viktig at det vert gjeve løyve til regulering av Keipevatnet for å oppnå flomdempande effekt. Det er søkt om regulering av vatnet med senking på ca 2 meter. I Samla Plan låg det inne ei regulering på 6 meter senking av Keipevatnet. Med aukande nedbørsmengder er faren for overflauming av endemorena som fungerer som stengsel også større. Naturleg utrenning frå Keipevatnet går seint på grunn av at her ikkje er opa elv ut, men alt vatnet renn gjennom moreneryggen på ulike punkt. Vassnivået i Keipevatnet stig difor fort når det er mykje nedbør/snøsmelting. Med auka vassnivå i Keipevatnet vert også trykket på moreneryggen større og faren for utrasing og flomskade aukar. Eg ser det difor som viktig å ha mogelegheit for å kunne regulere vatnet til eit nivå som hindrar overflauming og fare for utrasing av endemorena som i dag fungerer som damstengsel.

Når det gjeld øverste del av vassleidninga forbi moreneryggen og inn i Keipevatnet slik den er teikna inn på kartet synes eg den kjem for nær moreneryggen og nærområdet med fare for at massane i området kan bli ustabile og medføre utrasing/flomfare. Ein bør gå litt lenger vest og litt langsmed Keipevatnet før enn ein går inn i sjølve vatnet med vassleidninga. Uansett må ein eit godt stykke inn i vatnet for å få 25 meters djupne. Vassleidninga bør ha ei forankring i fjell, og eg vil tru det er lettare å finne fjell eit stykke inn med vatnet der fjellhamrane går ned mot vatnet enn ved den vesle kulpen som ligg rett bak moreneryggen slik vassleidninga er teikna inn på kartet.

Anne-Karin Kleiven Rynning

Anne-Karin Kleiven Rynning

- grunneigar gbnr 14/1 -